

Saksbehandlar: Liv Minde

Vår dato:
14.03.2013
Dykkar dato:
08.11.2012Vår referanse:
2012/6295
Dykkar referanse:
2011/10647 008

1

Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310

5020 Bergen

Godkjenning av Vg2 etter opplæring i utlandet

Vi viser til førespurnad frå Fylkesmannen i Hordaland, datert 08.11.2012, med spørsmål om godkjenning av vidaregåande opplæring i utlandet.

Godkjenning av morsmål

Det fyrste spørsmålet gjeld om ein fylkeskommune kan godkjenne heile opplæringsåret for elevar som tar Vg2 i Frankrike, sjølv om elevane ikkje har bestått kravet til fransk i Frankrike. Fylkeskommunen meiner det vil vere umogleg for norske elevar å bestå det språklege kravet til fransk i Frankrike. Samtidig vil elevane ha tilstrekkeleg kompetanse til å kunne begynne på Vg3 i Noreg.

Forskrift til opplæringslova § 1-16 andre ledd fastset reglar for godkjenning av heile opplæringsår på Vg1- og Vg2-nivå. Vi har sagt i rundskriv Udir-6-2012 at eit vilkår for godkjenning av heile opplæringsår er at eleven har bestått faga i den utanlandske opplæringa, eller at eleven er kvalifisert til å takast inn eller flyttast opp til neste trinn i skolesystemet i det aktuelle landet.

Vi er samd i at det kan vere vanskeleg for dei norske elevane å bestå kravet til morsmål i opplæringslandet, til dømes fransk i Frankrike. Vidare kan det kanskje vere tilfelle der dei norske elevane ikkje er kvalifiserte til å takast inn eller flyttast opp til neste trinn i opplæringslandet, men at dei likevel har eit forsvarleg nivå for å halde fram på Vg3 i Noreg. Dei norske elevane vil sannsynligvis ha eit godt grunnlag for å halde fram med franskopplæringa i Noreg. Paragraf 1-16 andre ledd er ikkje meint å vere til hinder for at desse elevane skal halde fram på Vg3 i Noreg. Vi legg derfor til grunn at fylkeskommunen etter ei konkret vurdering kan godkjenne opplæringa i utlandet for elevane, sjølv om dei ikkje har bestått kravet til *morsmål*, eller ikkje er kvalifiserte til å takast inn eller flyttast opp til neste trinn i opplæringslandet.

Godkjenning av fellesfag

Det andre spørsmålet Fylkesmannen ønskjer svar på, gjeld godkjenning av fellesfag etter eit skoleår i utlandet. Tidlegare kunne elevar få fritak frå fellesfag som ikkje gjekk inn i krava til generell studiekompetanse. Fylkesmannen forstår det slik at elevane no anten må få godkjend desse faga frå opplæringa i utlandet eller som elev eller privatist i Noreg. Fylkesmannen ber om ei stadfesting av om dette er riktig oppfatning av regelverket.

Vi meiner Fylkesmannen har ei riktig oppfatning av regelverket. For å få vitnemål som skal gi generell studiekompetanse, må vedkommande bestå dei seks faga (såkalla six-packen) som inngår i minimumskrava til generell studiekompetanse. Utover dette må vedkommande kunne dokumentere bestått likeverdig eller meir omfattande opplæring i dei konkrete faga for å kunne få eit vitnemål som gir studiekompetanse. Dersom vedkommande ikkje kan dokumentere slik kompetanse, må faget/faga takast som elev eller privatist. Dette fagkravet gjeld også for dei som ønskjer å oppnå studiekompetanse ved opptak til høgare

Postadresse:
Postboks 9359 Grønland, 0135 OSLO
Besøksadresser:
Schweigaards gate 15 B, Oslo
Britveien 4, Molde
Parkgata 36, Hamar

Telefon:
+47 23 30 12 00
Telefaks:
+47 23 30 12 99

E-post:
post@utdanningsdirektoratet.no
Internett:
www.utdanningsdirektoratet.no
Org.nr.:
NO 970 018 131

Bankgiro:
7694 05 10879
IBAN:
NO8876940510879
BIC/SWIFT
DNBANOKK

utdanning etter den såkalla 23/5-regelen, som det også er vist til i forskrift til opptak til generell studiekompetanse § 2-1 første ledd.

For å få vitnemål for fullført yrkesfagleg vidaregåande opplæring, der Vg2 i Noreg er erstatta av eit skoleår i utlandet, gjeld det også at vedkommande må bestå faget norsk på Vg2 yrkesfagleg utdanningsprogram, eller kunne dokumentere bestått likeverdig eller meir omfattande opplæring i norsk.

Vennlig hilsen

Cathrine Børnes
avdelingsdirektør

Liv Minde
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent